

# MØTEBOK FOR VESTRE SLIDRE FJELLSTYRE

Sak nr: 58/2006

Møtedato: 14.11.06

Arkiv nr:

## Områdetiltak – finansiering av hovedprosjekt

Valdres utmarkskontor leverte i mars 2006 sluttrapport frå forprosjektet til områdetiltak på stølane. På bakgrunn av denne rapporten vedtok fjellstyret den 4. april i sak 19/2006 å satse vidare på eit hovudprosjekt. Føresetnaden var at det vart ei 100 % stilling i samarbeid med Vestre Slidre kommune. Fjellstyret si delfinansiering ville ein ta stilling til når det låg føre ei finansieringsplan.

Frå interimstyret er det den 9. november lagt fram følgjande sturrapport for prosjektet:

### Stor interesse for satsing på stølane i Vestre Slidre

Fjellstyret og kommunen har gjennomført eit forprosjekt for å finne ut om det var interesse blant stølsbrukarane for auka satsing på stølsbruken i kommunen. Sjå sluttrapport på heime-sidene til fjellstyret: [www.vestre-slidre-fjellstyre.no](http://www.vestre-slidre-fjellstyre.no). Responsen har vore over all forventning: Fleire støslag har sett i gang rydding av beite kring stølane, prosjekt for ivaretaking av eldre bygningar på stølane er i gang, stølslandskapet på Jaslangen var konsertarena under Jørn Hilme-stemnet. Det er danna eit interimstyre med stølsbrukarar frå heile kommunen, som står for søknadar og prosjektstyring.

Interimstyret, fjellstyret og kommunen ser at det er viktig å setje i gang områdetiltaket så fort som råd. Vi må legge opp til ei heilheitleg og langsiktig satsing, - heime og på støle. For å gjennomføre ei slik satsing, er det nødvendig med ei prosjektstilling og eit landbrukskontor som er slik bemanna at ein klarar å følgje opp dei som vil satse på stølane dei neste fem åra.

Det er viktig å leggje merke til at dette er eit **brukarstyrt prosjekt**, der fjellstyret og kommunen har rolla som viktige støttespelarar og samarbeidspartnarar.

### Finansiering av områdetiltaket "Heime og på støle" 2007-2009

Arbeidet med å fullfinansiere områdetiltaket er no i gang. Det har teke noko lenger tid enn vi såg for oss. Dette skuldast i hovudsak sjukmelding ved Valdres utmarkskontor frå sommar-ferien fram til no. Samstundes har nedbemanning ved landbrukskontoret i det same tidsrommet gjort det umogleg å gjere ein ekstrainsats her.

Interimstyret har ikkje vore kjend med at kommunen hadde vedteke å opprette ei halv stilling som skulle jobbe med prosjektsatsing i landbruket. Dette vedtaket vart vi fyrst klar over i går, 08.11.06.

KS-020/06 Vedtak:

- Kommunestyret vedtek å tilsette ein person, mellombels fram til nyttår, i 50% stilling (15% vakans) ved landbrukskontoret som skal medverke til prosjektsatsing i landbruket. Dette skal vere kommunen sitt bidrag for å finansiere ei 100% stilling, der dei siste 50% av stillinga er søkt finansiert frå fjellstyret og fylket. Skatteanslaget vert justert tilsvarande.

Endra føresetnadar:

- Vikariat som jordbrukskonsulent vart redusert frå 65% til 50% fram til nyttår.
- Avdelingsleiar på landbrukskontoret er pga. sjukmelding no konstituert etatsjef og oppsparte lønsmidlar er trekte inn. Landbrukskontoret har i praksis fått redusert bemanning frå 2,65 årsverk til mindre enn 1,65 årsverk i 2006.
- Det er tilsett ein person i stillinga som jordbrukskonsulent som, pga. redusert bemanning ved landbrukskontoret jobbar med andre oppgåver (ikkje prosjekt).
- Hanne Lykkja er engasjert for å arbeide med søknadar i til saman 4 vekeverk før jul. (2 vekeverk blir dekt av kommunen og 2 vekeverk blir dekt av SMIL-midlar som interimstyret har søkt om.)

Konklusjon:

- Det er behov for ei eiga 100% stilling som prosjektleiar. Dette har kommunestyret slutta seg til i sak KS-020/06 og fjellstyret i sak:19 av 04.04.06. (sjå vedlegg)
- Dersom interimstyret i prosjektsøknad om områdetiltak kan ha som utgangspunkt at kommunen dekker ei halv prosjektleiarstilling og fjellstyret for eksempel 20-25%, er det grunn til å tru at vi får dekt resten av prosjektstillinga med SMIL-midlar. Samstundes vil det vere råd å få SMIL-midlar til å bruke til praktiske tiltak. Dette vil gjere det svært mykje enklare å få støtte til andre tiltak innan BU, Innovasjon Noreg og statlege stølsmidlar med meir. Fordi desse søknadane vil dreie seg om støtte om tiltak direkte til brukarane.
- Kommunestyret må sørge for å oppretthalde 2,65 årsverk ved landbrukskontoret. Landbrukskontoret må vere slik bemanna at ein er i stand til å følgje opp satsinga frå stølsbrukarane gjennom områdetiltaket.

BU-midlane for Valdres var oppbrukt i vår, større tiltak var difor ikkje aktuelle før i 2007. Søknadar for 2007 må førebuast no. Vi må på banen i forhold til ulike regionale prosjekt, både for å samordne og

oppmode brukarane til å delta her. (Program innan støls-/gardsturisme og kulturminne og verdiskaping).  
Førebuing av kurs innan grøn omsorg er i gang:

### **Delprosjekt om "Grøn omsorg og grøn turisme"**

Interimstyret har fått tilsegn om 75.000.- kr frå dei statlege stølsmidlane til delfinansiering av tiltak som kurs i foredling av mjølk, grøn omsorg på stølen m.m. (Total kostnadsramme er 489.000.- kr). Områdetiltaket vil søke kommunen og fjellstyret om 30.000.- kr kvar til medfinansiering av dette delprosjektet. Vi ynskjer å utvikle tilbodet "Opp på stølen", som er stølsvarianten av "Inn på tunet" - grøn omsorg i landbruket. Prosjektet har vekt stor interesse sentralt, og andre regionar ynskjer no å gjennomføre liknande tiltak. Frå 2007 er det oppretta eit nytt utviklingsprogram for Grønt reiseliv over jordbruksavtalen. Virkemiddelpotten er på 25 millionar kr og vi håpar å få vår del av denne potten.

Interimstyret for områdetiltaket håpar at vi har kommunen og fjellstyret med oss, når vi no satsar på eit treårig områdetiltak som oppstart for å redde stølsdrifta i Vestre Slidre. Skal vi få til det, må vi jobbe "både heime og på støle" – med tilbod til dei 90 mjølkebruka og alle andre som ynskjer å bruke stølane aktivt.

Det ligg føre vedtak i kommunestyret den 15.6.06 om å gå inn med ei halv stilling i prosjektet. Kommunen har i sitt vedtak sagt at stillinga skal vera mellombels fram til nyttår. Kommunen har i tillegg tilbode seg å halde kontorplass. Deler av stillinga kan finansierast gjennom SMIL-ordninga og i rapporten frå interimstyret er det skissert at fjellstyret dekkar 20-25 % av prosjektstillinga.

Dette er eit fellesprosjekt der kommunen og fjellstyret er prosjekteigarar. Det må avklarast mandat for prosjektet og korleis prosjektet skal organiserast. PLP-metode utvikla av Innovasjon Noreg er godt utgangspunkt for organisering av prosjektarbeidet. Vidare må det opprettast ei styringsgruppe med ein prosjektansvarleg. Det er viktig at det blir ei 100 % stilling som prosjekteiar utan at dette blir kombinert med saksbehandling eller anna arbeid for kommunen eller fjellstyret.

Prosjektet er tenkt å gå over minimum tre år. Ved å gå inn i prosjektet vil ein binde økonomien for denne perioden. For ei 100 % stilling er det normalt med ein kostnad på ca kr 500.000. Dette inkluderer lønn, pensjon, arbeidsgjevaravgift, forsikring, telefon, diett, km-godtgjersle m.m. Ved ei delfinansiering på 25% for fjellstyret vil dette føre med seg ei fast utgift på ca kr 125.000 kvart år dei neste tre åra.

### **Vedtak:**

Fjellstyret vedtek å gå inn i prosjektet med 25% av ei 100 % stilling som prosjekteiar i områdetiltaket "Heime og på støle".

Vedtaket er gjort på følgjande vilkår:

Prosjektet er eit samarbeidsprosjekt der kommunen og fjellstyret er prosjekteigarar.

Det skal tilsettast ein person i 100 % stilling som prosjekteiar.

Kommunen skal finansiere 50 % av kostnadane med prosjekteiarstillinga og halde kontorplass.

Stillinga skal søkast fullfinansiert ved SMIL-midlar e.l.

Prosjektet skal vera brukarstyrt, men prosjekteigarane bør vera representert i styringsgruppa.

Prosjektet skal gå over tre år.

Prosjektet skal starte opp så snart som råd.

Fjellstyreleiar og dagleg leiar får ansvar å drøfte organisering av prosjektet med kommunen.

Vedtaket er einstemmig.

Vestre Slidre fjellstyre den 15.11.06

Harald Ranum  
sekretær

Utskrift: Vestre Slidre kommune  
Interimstyret for områdetiltaket "Heime og på støle"